




FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep.
0032 Oslo

Dykkar ref.:

Vår dato: 16.12.2016
Vår ref.: 2015/13395
Arkivnr.: 311



Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Kommunereform i Rogaland - tilleggsbrev til tilråding

Fylkesmannen i Rogaland viser til brev datert 27.09.2016, og vil her gi vår annonserede tilleggstilråding:

Med grunnlag i kommunestyrevedtak, og ut frå frivilligprinsippet, rår vi ikkje til at Vindafjord og Etne (Hordaland) blir ein ny kommune i denne omgang. Vi rår til ein vidare dialog for på sikt å bli ein kommune.

Grenseendringar:

Jøsenfjorden – ettersom Hjelmeland kommunestyre har vedteke kjøp av skuleplass i Suldal, vil vi ikkje tilrå grensejustering mellom Suldal og Hjelmeland i Jøsenfjorden ved dette høvet.

Ombo - vi tilrår grensejustering mellom Finnøy og Hjelmeland slik at heile Ombo blir ein del av Finnøy/«Nye Stavanger», i tråd med vedtaka i Finnøy og Hjelmeland kommunestyre.

Vindafjord og Etne (Hordaland)

I vår tilråding datert 27.09.2016 informerte vi om at Vindafjord og Etne var i dialog om å danne ny kommune, og om at det skulle vere folkerøysting den 26.09.2016. Vi har i eige brev datert 30.06.2016 til Vindafjord kommune gitt utsett frist for endeleg vedtak.

Som kjent blei Vindafjord og Ølen slegne saman til Vindafjord kommune frå januar 2006, og det er slik sett gjort erfaringar med det å endre kommunestruktur. Vindafjord kommune har delteke i arbeidet med kommunereforma i fleire ledd. Det blei i løpet av prosessen laga ei utgreiing med tre alternativ:


Vindafjord, Etne, Suldal, Sauda - Vindafjord og Etne - Vindafjord som i dag

Resultatet av arbeidet enda ut i vidare dialog mellom Vindafjord og Etne, i tråd med råd frå Fylkesmennene i Rogaland og Hordaland. Dei skreiv intensjonsavtale som grunnlag for folkeavrøystinga. Denne gav følgjande resultat:

Kommune	Ja	Nei	Deltaking
Vindafjord	25 %	74 %	48 %
Etne	43 %	56 %	53 %

Kommunestyra i Vindafjord (01.11.2016) og Etne har etter dette gjort endelige vedtak om å halde fram som eigne kommunar. Vårt inntrykk er at folket og kommunestyret i Vindafjord har lagt noko vekt på at kommunen framleis er relativt ny etter den frivillige endringa som blei gjort i 2006, og at denne prosessen ikkje er heilt ferdig.

Vi viser elles til vår regionvise omtale som er gjort i utfordringsdokumentet som var lagt ved vårt brev av 27.09.2016 (vedlegg 2).



Vindafjord og Etne med til saman om lag 13 000 innbyggjarar vil «svare godt ut» på mål og kriterium i reforma. Kommunane har i dag felles utfordringar t.d. når det gjeld økonomi og kompetanse, og er relativt tett integrerte når det gjeld busetting og sysselsetting. Ølen er etablert regionsenter i indre Haugalandet, og det er berre om lag 12 km mellom kommunenesentra Etne og Ølen. Haugesund-regionen er elles å vurdere som eit viktig målpunkt både for Etne og Vindafjord.

Vindafjord og Etne har i dag eit relativt omfattande samarbeid m.a. på helseområdet, mest med Vindafjord som vertskommune. Vindafjord har forsvarleg kvalitet på dei viktigaste tenestetilboda, men har også utfordringar på viktige fagfelt. Kommunane ser føre

seg å vidareutvikle det interkommunale samarbeidet etter behov. Det er vår vurdering at dei to kommunane allereie i dag er så tett knytte saman når det gjeld samarbeid, at det vil vere ei betre løysing for framtida å samle kompetansen i ein ny kommunestruktur.

Ut frå dei vedtak som er gjorde, og basert på frivilligprinsippet, er det ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å rå til endring i kommunestruktur for Vindafjord og Etne no. Samstundes er vår vurdering at Vindafjord og Etne på sikt bør bli samla i ein kommune, særleg ut frå omsynet til å ha ein forsvarleg kapasitet og kvalitet på basistene. Det gjeld også ut frå omsynet til økonomiske utfordringar, og det å ha ei forsvarleg og samordna langsiktig samfunnsutvikling. Vi vil rangere desse to kommunane i same kategori som dei kommunane der vi rådde til vidare dialog i hovudtilrådinga.

Hjelmeland og Strand (Forsand)

I tilrådinga datert 27.09.2016 gav vi råd om at Hjelmeland burde etablere ein ny dialog med Strand og Forsand. Kommunestyret i Hjelmeland har den 02.11.2016, med særleg vekt på dette rådet, vedteke å invitere Strand og Forsand til nye drøftingar av tidlegare utkast til intensjonsavtale. Det er gjennomført samtalar med Strand, medan Forsand har takka nei til invitasjonen grunna vedtaket om å gå saman med Sandnes. Den 16.12.2016 er det signert ny intensjonsavtale mellom Hjelmeland og Strand. Det er ein føresetnad frå Hjelmeland at ein eventuell ny kommune også skal omfatte Forsand. Vår vurdering er, som kjent, at Forsand og Sandnes ikkje gir ein hensiktsmessig struktur ut frå regionale omsyn. Hjelmeland sitt initiativ er i tråd med vårt råd om at Hjelmeland, Strand og Forsand bør bli ein ny samla Ryfylke-kommune.

Hjelmeland kommunestyre har den 14.12.2016 gjort vedtak om å gjennomføre ny folkerøysting om kommunestruktur den 24.01.2017 med grunnlag i ny intensjonsavtale, med plan om nytt vedtak innan utgangen av januar 2017. Det kan difor kome fleire opplysningar som kan vere moment i vurderinga av kommunestrukturen i denne delen av Ryfylke, og vi kjem tilbake med meir informasjon når det ligg føre nytt vedtak.

Vi viser elles til at det er fremja innbyggarinitiativ om folkerøysting frå nordre del av Forsand om grensejustering dersom Stortinget gjer vedtak om ny kommune som avtalt mellom Forsand og Sandnes.

Grensespørsmål

Vi viser til omtale og kart når det gjeld dei aktuelle grensespørsmåla i tilsendt utfordringsdokument datert 27.09.2016 (s. 18). Her kjem endelag tilråding som tidlegare annonser.

Jøsenfjorden i Hjelmeland

Kommunestyret i Hjelmeland har i samband med behandling av budsjett for 2017 den 14.12.2016 vedteke å sette av midlar til kjøp av skuleplassar frå Suldal, slik at elevane på barnetrinnet frå Jøsenfjorden kan gå på skule i Erfjord. Etter vår vurdering er eit viktig moment i strukturspørsmålet løyst gjennom dette budsjettvedtaket. Framleis vil det vere geografiske omsyn som kan tale for justeringar av kommunegrensa i dette området, men vi rår ikkje til grensejustering i Jøsenfjorden som del av denne kommunereforma.

Ombo i Finnøy og Hjelmeland

Ombo er ei øy på 58 km² med 235 innbyggjarar. Det har i november 2016 vore innbyggarundersøking på heile øya der alle over 16 år er kontakta, og det lykkast å få svar frå 71 % av dei aktuelle. 92 % av dei spurde har svart at dei ønskjer at heile Ombo skal vere samla i ein kommune. I den delen som ligg i Finnøy ønskjer 93 % å bli ein del av «Nye Stavanger», medan 74 % av dei som bur på Hjelmeland-sida ønskjer å gå til Hjelmeland. Samla sett ønskjer 73 % av dei som bur på Ombo å bli ein del av «Nye Stavanger».

Fylkesmannen har gitt råd om at Hjelmeland og Finnøy bør vurdere kommunestrukturen på Ombo i samband med kommunereforma. Vi tilrår grensejustering slik at heile Ombo blir samla i Finnøy kommune («Nye Stavanger»), i tråd med vedtak i Finnøy og Hjelmeland kommunestyre 14.12.2016.

Hylsstronda i Suldal

I brev av 27.09.2016 rådde vi til grensejustering slik at Hylsstronda i Suldal blir overført til Sauda. Grunngjevinga er særleg basert på geografiske omsyn. Vi vil invitere til ein dialog med dei to kommunane om dette grensespørsmålet tidleg i 2017.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

Lone Merethe Solheim
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Anfinn Rosnes
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 80
E-post: fmroaro@fylkesmannen.no

Kopi til:

Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Finnøy kommune	Rådhuset	4160	Finnøy
KS Rogaland			
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Etna kommune	Postb 54	5591	ETNA
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Suldal kommune	Eidsvegen	4230	Sand
Forsand kommune	Forsandvegen 380	4110	Forsand